



ÅRSMELDING 2013

Styret:

Leiar: - Oddvar Eide

Nestleiar: - Alf Angelskår

Kasserer: - Einar Buarøy

Skrivar: - Petter H Fosse

Styremedlem: - Torvald Taule

Varamedlemmer:

Kjell Sagstad og Geir Atle Mjelde

Styremøter/Medlemer:

Det er halde 3 styremøter og 13 saker har vore behandla. Klubben har sidan 2013 desse arbeidgruppene: Tekn vedlikehald, Materiell, Arrangement, Administrasjon, Bok.

Klubben har ved årskiftet 175 medlemmer – av desse er ca 25 aktive med reparasjonar, vedlikehald, kjøring og styrearbeid.

Medlemskveldane første onsdag i månaden har hatt varierande frammøte.

Kjøreoppdrag:

Til saman i 2012 er det utført 29 oppdrag, fordelt på 10 sjåførar, og samla dognadskjøring har utgjort om lag 200 timer. Det er kjørt tilsaman ca. 6000 km (inkl tur til Lærdal) og inntektene på kjøringa er imponerande kr 107.743,-.

Styret vil få takke sjåførane som har stilt opp.

Reparasjonar og vedlikehald - bussane:

Det har vore jobba jamnt og trutt med bussane om onsdagane, frå januar til forsommaren og frå august og ut året. Ein trufast gjeng på 8-10 medlemer har stått for dette, og samla har dei utført om lag 450 dognadstimar. Av større arbeid kan nemnast:

- | | |
|----------|---|
| R-1111 | Diverse vedlikehald. |
| R-51003 | Bussen vart totallakkert ved Arna Bruk til ca kr 25.000,- Forarbeidet var gjort av medleme her i Knarvik. Dessutan reparert oljelekkasje ved høgre bakhjul. |
| SN 24558 | Reparasjon av eksosanlegg og av kompressor. Diverse vedlikehold. |

Det er kjøpt to nye dekk til kvar av R-51003 og SN 24558.

Ei stor takk frå Styret til alle som jobbar med bilane.

Koppar og T-skjorter:

Koppar vart kjøpt inn til for salg - kr 100 pr stk.

T-skjorter til aktive medlemmer og sponsorar.

Rødland:

Garasjen er framleis vinter utleigd til to campingvogner. Det er planlagt dognadsarbeid i løpet av 2014.

Veteranbuss-treffet i Lærdal 10. - 12. mai 2013:

I år deltok klubben med alle bussane. Ingen premier i år. Totalt 11 medlemer var med.

Medlemstur 19. juni 2013:

I alt 21 medlemer reiste med R-1111 om Hjelmås-Sandvik-Høyland og Myking til Lindåsslusene. Slusene var nesten ferdigrestaurerte då me var der og vart som kjent gjenopna i august. Så gjekk turen vidare til Haldis Kårdal og Rolf Holsen på Vågseidet - der det vart servert rømmegraut. Deretter fekk vi omvisning i det flotte grindverksbygget som Rolf har bygd. Direktør Atle Ove Martinussen frå Musumssenteret i Hordaland orienterte om grindverksbygging.

Klubben vil få takke Haldis og Rolf for det fine opplegget.

Medlemskveld 30. oktober 2013:

Denne kvelden vart 29 påmelde medlemer kjørt med SN 24558 til Mongstad og besøkte Statoil sin veteranklubb sitt museum der. Etterpå var det omvisning på Mongstadbæse, der Lars O. Hjelmtveit viste oss rundt. Deretter var vi på Lindås Brygge og fekk oss middag der.

Bokprosjekt om tida før BNR – dvs fram til utgangen av 1973:

Det er nærmast seg endeleg redigering av saman dei ymse innlegga, og få levert anbud på trykking.

Julemiddag for dognadsgjengen 4. desember

Etter den store innsatsen med reparasjonar og kjøring gjennom året, inviterte Styret alle dognadsfolka til tradisjonell julemiddag i klubblokalet 6. desember. I alt 19 var til stades, og som alltid vart mange gode minner frå gamle dagar fortalte, og det vart vist bilder frå turane som var gjennomførte i 2013.

Epilog:

Styret vil få rette ei takk til medlemmane for støtte og innsats i 2013 alt frå innskot i form av kontingent til dognad på ymse vis. Til det siste ønskjer vi alltid fleire med!

Ei stor takk også til Nobina, Nordhordland for velvillig utlån av verkstadlokale og møterom.

Styret.

